

ÅRSMELDING 2020

HAREID SOKN



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn

Godkjent av Hareid sokneråd 26.01.2021 sak SR 04/21

INNHOLDSLISTE

Sakliste årsmøtet.....	side 02
Soknepresten.....	side 03
Sokneråd og fellesråd.....	side 04
Kyrkjeleg årsstatistikk.....	side 10
Gudstenesteutvalet.....	side 11
Diakoniuutvalet.....	side 13
Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet.....	side 15
Misjonsutvalet.....	side 18
Kyrkjemusikalsk utval.....	side 19
Undervisningsutvalet.....	side 21
Frivilligsentralen.....	side 23
Økonomi.....	(presenterast i årsmøtet)
Kyrkjelydshuset	side 26
Kommunikasjon og kontakt.....	side 27

Rekneskap og budsjett vert lagt fram i årsmøtet.

SAKLISTE ÅRSMØTE LAURDAG 13. MARS KL.16:00 I KYRKJELYDSHUSET

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2020 for Hareid sokn
3. Førebelts rekneskap 2020
4. Budsjett 2021
5. Orienteringar frå kyrkjeverja

Årsmelding for Hareid sokn 2020 er utarbeidd av sokneråd, underutval og staben i Hareid sokn, og godkjent i soknerådsmøtet 26.januar 2021


Hareid, 29. januar 2021
for Hareid sokneråd



FORSIDEBILDE OG BILDET OVER: Hareid kyrkje

Kyrkja har ei viktig rolle i lokalsamfunnet og soknet har heile tida jobba aktivt for å finne ein balanse mellom forsvarleg smittevern og nødvendig kyrkjeleg nærvær og omsorg i pandemiåret 2020. Foto: Hareid sokn

Annleis-året



SOKNEPREST i Hareid, Lars Hartig-Tangedal

2020 var året vi – min kjære og eg – skulle verte meir kjende med Hareidsfolket etter ei litt intens innføring i alt som følgjer jobben. No skulle berre bispevisitasen kome vel i hamn, så kunne vi bli meir kjent med folket i bygda. No var så mange kvistar på plass i reiret, at vi i det minste kunne la folk sitte nedpå om dei kom innom. Men så kom korona oss og dei i forkjøpet...

Visitas

Eg er glad visitasen kom så tidleg på året som han gjorde. Å bli 'sett utanfrå' gjennom biskopens besøk er ei bevisstgjering av kor mykje flott som har vore gjort og framleis blir gjort i kyrkjelyden. Det utløyer mykje stoltheit og glede og takksemd, samstundes som det oppmunstrar til vidare innsats. Hareid er ikkje så stort, men du verden så mykje som skjer her, både blant barn og unge, og ikkje minst på musikksida. Mykje av dette vil du finne uttrykk for i årsmeldinga.

Nedstenging

Så då det brått vart full nedstenging, var vi oppmuntra til å gjere det beste ut av det. Dei digitale gudstenestene vart ein arena for mange av dei flinke solistane vi er så heldige å få nytte i kyrkja. Formidling av trøyst og von i vanskelege tider fekk gode tonar og ord. Og arbeidet for born og unge har funne til dels nye former og fasongar, forankra i tilsette som sterkt ønskjer å nå ut med 'det gode' vi har å formidle.

Så fekk vi møtast att frå mai, og kunne gle oss over at fellesskapet fekk meir form av det vi har sakna, samstundes som vi og ei stund var på nett. Men det var ikkje før det tekniske kom

på fast plass i kyrkja (og på Hadartun) at vi frå første advent utan så mykje bry kan sende gudstenestene på nett kvar sundag.

Endringar

I alle sakin som denne tida har opna – saken av samvær og fellesskap – har vi leita fram dei moglegheitene vi såg for at vi trygt kunne få noko påfyll. Eg veit mange rundt om har stengt ned mykje meir enn vi har gjort. Staben i Hareid har til dels gått motsett veg og strekt seg langt for å løyse dei ekstra-utfordringane som har kome denne tida.

Nye muligheter

Kva som kjem ut av dette på lengre sikt, blir spanande å sjå. Vi tek ein dag og ei veke i slengen, og fortset å tilpassa oss skiftande vilkår, i trygg forvissing om at det vi som kyrkjelyd har å bringe inn i lokalsamfunnet, er viktig og naudsynt.

Hareid 15. januar 2021

Lars Hartig-Tangedal
- sokneprest i Hareid -



DÅPSGUDSTENESTER: Å tilrettelegge for dåp i dette spesielle året har vore høgt prioritert. I tider der vi hadde dei strengaste restriksjonane, har vi køyrt eigne dåpsgudstenester (21 stk) utanom vanleg gudsteneste, der kun dåpsfamiliane kunne ta del.

HAREID SOKNERÅD OG HAREID KYRKJELEGE FELLESRÅD

Frå 2019- 2023:

Leiar	Ann Helen Grimstad Worren
Nestleiar	Bård Grimstad
Medlemer	Marit Øien Sæverud, Stein B. Karstensen, Hanna E. Langnes Moldskred, Sissel Seljebotn, Øyvind Grimstad, Kristoffer Indreeide Grimstad,
Varamedlemer	Kjersti Røyset Toppol. Georg Fabian Stordal, Laila Kristin Bjåstad, Jahn Kjell Fjørtoft, Marit Nora Pettersen.
Geistleg repr.	Soknepresten i Hareid
Geistleg vararep.	Soknepresten i Ulstein

Kommunal representant i fellesrådet:

Ordfører, Bernt Brandal
Varaordførar, Annika Brandal (vara)

I tillegg har soknet hatt følgande underutval:

Arbeidsutval, administrasjonsutval, forhandlingsutval, diaconiutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval, undervisningsutval. Dei fleste av desse leverer eiga årsmelding.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2020 vore samla totalt 9 gongar; Soknerådet har hatt 9 møte og handsama 31 saker, fellesrådet har hatt 9 møte og handsama 44 saker.

Rådsmøta har vore haldne i kyrkja og på kyrkjelydshuset (ikkje på kyrkjekontoret grunna pandemien), eit av møta var digitalt grunna coronasituasjonen og smittevernrestriksjonane. Møta er opne for tilhøyrarar.

Kriseåret 2020 – har vore eit spesielt år

Vi har bak oss eit krevjande år med omstillingar og unntaksperiodar i høve pandemien. Nye rutinar, endringar i måten arbeidet vert utført, antalsbegrensningar og ikkje minst handtering av overordna smittevern-ansvar for både tilsette, råd, frivillige og kyrkjelyden. Soknet har heile tida brukt krefter på å finne ein rimeleg balanse mellom forsvarleg smittevern og nødvendig kyrkjeleg nærvær og omsorg.

Mange ulike situasjoner har blitt handtert og risikovurdert i møte med familiar, dåpsborn, eit stort og breitt barne- og ungdomsarbeid både i krinsar, kyrkje og kyrkjelydshus, ønske om open og tilgjengeleg kyrkje, konfirmantar, eldre og sjuke som har vore meir isolert enn nokon gong og ikkje minst alle pårørande som har erfart at sorga er blitt endå tyngre utan handtrykk og sosialt nærvær å lene seg mot. For ikkje å snakke om alle som har sakna eit levande gudstenesteliv og ei opa kyrkje.

Her vil vi rette ein takk til alle som har bidrege og utretta eit godt og kreativt arbeid i alle ledd i verksemda vår, ikkje berre frå dei som er synleg i kraft av si rolle – men ikkje minst frå staben og alle frivillige.

Året har vore utfordrande, men har også gitt oss nye erfaringar og refleksjonar. Samspel, gjensidig behov for kvarandre mellom frivillige, råd, utval og tilsette, og samspel mellom leiarar og medarbeidarar har kome til syne. Ingen kan drive ei folkekirkje eller ein organisasjon åleine. Vi ønskjer å rette ein stor takk til alle som har bidrege i soknet sitt arbeid gjennom dette spesielle året!

Bispevisitas i Hareid i 2020

På starten av året kom biskopen på visitas. Sist visitas var felles med Ulstein i 2011. Biskop Ingeborg Midttømme med følgje fekk besøkje og sjå det gode arbeidet i soknet og kyrkjelyden vår, og staben hadde tilrettelagt dette saman med prost Ingeborg Matre. Dette gav oss høve til å sjå på arbeidet vårt og drøfte utfordringar og moglegheiter.

I programmet kan nemnast møte med tilsette, frivillige, kommunaleiinga, skuleleiinga/lærarar/barnehageleiing, bedriftsbesøk hos Jets, aktivitetar i trusopplæringa (konfirmantundervisninga), utdeling av bok til 6-åringar i kyrkja, babysong på Hadartun), andakt med Ten Sing, barnekoret Vi-koret (6-8 år), Frivilligentralen, bruktbukkiken, hobbyklubben, institusjonsgudsteneste på Hadartun, omvisning på kyrkjelydshuset, open onsdagsmiddag med bygdafolket på kyrkjelydshuset, fagsamling med staben og middag på Ishavsmuseet, oskeondagsgudsteneste i kyrkja, temakveld v/kyrkjeakademiet i kyrkja der biskopen blei intervju av Erlend Friestad.

Visitansen blei avslutta med visitasgudsteneste i kyrkja (i ei nyrenovert kyrkje) og kyrkjekaffi/visitasmøte med visitasforedrag v/biskop på kyrkjelydshuset saman med kyrkjelyden.

Andakter på Hadrtun i koronaåret 2020

blei ikkje så regelmessig som normalt. Kvar onsdag kl 1100 er det andakt i vinterhagen og kl 1130 ved skjema avdeling. 2 gongar i året er det nattverdgudsteneste. Julaftan denne gong var det to juleandakter for å tilpassa koronasituasjonen (normalt ei juleandakt).

Andaktane er hovudsakleg ved sokneprest og kantor, og i tillegg i samarbeid med frivillige. Dette tilbodet er viktig for bebruarar og brukarar av dagsenteret.

Ny liturgi

Alle kyrkjelydar skal velje mellom ulike alternativ til liturgi for gudstenestane, som skal takast i bruk innan pinse 2021. I Hareid opna vi for at kyrkjelyden fekk høyre og kome med innspel i eit ope møte 22. september 2020, der sokneprest, kantor og ei forsanggruppa song igjennom dei ulike alternativa. Det var gudstenesteutvalet og kyrkjemusikalsk utval i Hareid sokn i samspel med soknerådet, som hadde landa med eit forenkla forslag i det opne møtet 22. september. Der var det noko kjent og mykje nytt.

På gudstenesta 4. oktober blei den nye liturgien nytta som ein test, og rett etter gudstenesta var det Soknemøte i kyrkja, der den nye gudstenesteliturgien var tema. Soknerådet vedtok det framlagte forslaget til lokal grunnordning for gudstenester i Hareid i soknerådsmøte den 20. oktober (sak SR 21/20). Liturgien skal sendast inn for godkjenning av biskop (2021). Liturgien skal stemme overens med den nye gudstenesteboka.

Årsmøte 2020

Årsmøtet vart halde på kyrkjelydshuset søndag 14. juni 2020, rett etter gudstenesta i Hareid kyrkje. Møtet var utsatt frå 28. mars (skulle vere saman med vårmesse), grunna koronasituasjonen. Maksimumsgrensa var 50 personar og 1 meters avstand-regel. Det møtte 25 personar.

Årsmøtet var eit forkorta møte lagt i etterkant av misjonssøndag som misjonsutvalet hadde ansvaret for. Det var sal av «matpakkar», kaffi og loddosal til inntekt for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, og loddbok-trekninga vart streama på Facebook-sida til Hareid kyrkje. Etter dette starta årsmøtet til soknet, og varte om lag 45 minutt.

Soknerådsleiar og kyrkjeverja presenterte årsmeldinga, førebels rekneskap og budsjett. Allsong og kantor tok del på klaver. Soknepresten fekk sluttordet og fortalte om sitt første år som sokneprest på Hareid, før det vart avslutta med velsigninga.

Renovering av Hareid kyrkje fortsatte også i 2020

Hareid kyrkje er ei listeført kyrkje frå 1877 og difor ikkje vore tilpassa mange av dei krava ein i vår tid set til offentlege bygg. Kyrkja er verneverdig og difor må alt renoveringsarbeid gå via riksantikvar og tilslutt godkjennast av biskop.

Etter mange års ønskjer og mange prosessar om å få nytt golv i kyrkja, nytt oppvarmingssystem, kjøkenkrok, toalett og meir lagringsplass i kyrkja, løyvde kommunen midlar til å starte prosjektering i 2018 og midlar for sjølve utføring av arbeidet som starta i 2019 og som fortsatte i 2020. Prosjektleiar er Paul Arne Ulstein frå kommunen, og soknerådet har gitt kyrkje- og kyrkjegardsutvalet løyve til å jobbe med renoveringsprosjektet i kyrkja.

I 2020 har vi fått teste korleis varmesystemet fungerer gjennom dei ulike årstidene. Det har vidare vore jobba med nytt teknisk anlegg i kyrkja som fastmontert kamera og utstyr for videooverføring til både Facebook og endeleg til bebruarane på Hadartun (etter 1 ½ år). Vi har fått fiber til kyrkja og tilgong Wi-fi til både kyrkje og kyrkjelydshuset, dermed har vi tilgong til internett begge plassane. Det jobbast også med oppgradering av sprinkleranlegget og brannalarmanlegget, noko som fortsett i 2021. Det er også montert solskjerming i kyrkjevindauga mot sør.

Nytt tilbygg for kyrkjekontor

Etter fleire år med vurderingar, samtalar og forhandlingar fekk soknet sitt eige kyrkjelydshus seinhausten 2019. Ein viktig føresetnad for at soknet ville ta over huset, var at det må vere mogleg å få bygd på huset for å inkludere kyrkjekontor. Sommaren 2019 vedtok Hareid kommune mindre reguleringsendringar slik at tilbygg for kyrkjekontor på huset kunne gjerast. Føresetnadane kom dermed på plass, og soknet tok over huset 31. oktober 2019. Ref. vedtak i Hareid kyrkelege fellesråd 22.oktober, sak FR 21/19.

I 2020 har både stab, ei lokal byggenemd og prosjektleiar Paul Arne Ulstein frå kommunen jobba med sluttprosjekteringa av tilbygg for kyrkjekontor. Bygginga er planlagt å starte hausten 2021, slik at kyrkjekontoret vil vere innflyttingsklart mest truleg hausten 2022. Leigeavtalen for noverande kyrkjekontor går ut 1. mars 2024.

Tilbygget skal lånefinansierast, og dekkast tilsvarande dagens husleigetakst.

Den lokale byggenemnda består av følgande: Leidulf Hareide, Aina Giskeødegård Balsnes, Torgeir Ringstad, Stein Karstensen (repr. frå soknerådet) og kyrkjeverja Bente Andreassen Pilskog.

Vil du støtte kyrkjelydshuset – bli fast gjevar!

Huset ligg nær kyrkja og sentralt i enden av miljögata, alt i alt ei god plassering til det aktive, omfattande og førebyggande arbeid som soknet gjer i lokalsamfunnet. Ved oppstarten av 2020 blei huset tatt i bruk til mange ulike aktivitetar og vi var komne inn i ein fin rytme, då det brått blei ein stopp då pandemien kom i mars. Dette fekk store økonomiske konsekvensar, då huset ikkje kunne leigast ut/brukast og inntektsbringande aktivitetar måtte kansellerast.

Det blei gjennom året satt i verk ulike aktivitetar som gav litt inntekter, men ikkje nok til å dekke dei løpende faste utgiftane med huset. Det blei difor satt i gong ei gjevarateneste for kyrkjelydshuset, der innkomne midlar blei øyremerka kyrkjelydshuset. Soknerådet hadde ei ringrunde til folk i bygda, og vi fekk om lag 25 faste gievarar. Tusen takk til desse! Men vi treng fleire, så dersom du vil bli fast gjevar og støtte kyrkjelydshuset, kan du enten ringe kyrkjekontoret 70095130, sende epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no, eller opprette fast trekk i din nettbank. Bruk kontonr. 3910.61.74494, evt vipps 525936 Hareid kyrkjelydshus. Åleg gáve over kr 500 gir rett til skattefrådrag, då treng vi ditt fødselsnummer. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper dei deg.

Tilsette og frivillige

Med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjever:

Kyrkjeverje	Bente Andreassen Pilskog 100%
Sekretær	Eli-Sølvi Jønsson 50%
Kantor	Ida Teige 100%
Kyrkjelydspedagog	Barbro Landmark 100%
Medarb. i trusoppl.	Eli-Sølvi Jønsson 50%
Kyrkjegardsarb.	Bjarte Sunde 60% (40 % AFP)
Kyrkjet/kyrkjegardsarb.	Jon Arnstein Haugen 80% (arbeidsavtale: f.o.m. 01.05.2020)
Hareid Frivilligsentral	Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
Medarbeidar i trusoppl.	Anvor Sukka (4 % babysong)
Vikarar/ekstrahjelper	Odd Lykstad, Lidvar Grimstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel, Svenning Veiseth, Hallvard Grimstad, Olav Egge Brandal

Med Møre bispedøme som arbeidsgjever:

Sokneprest i Hareid	Lars Hartig-Tangedal, 100 %
Sokneprest i Ulstein	Margit Lovise Holte (våren), fung. sp Matias Austrheim (hausten)
Kappelan i Ulstein	Jørgen Skogestad Kleiven (våren), Stine Lerheim (hausten)

Frivillige i gudstenester:

Klokkarar	Kjersti Røyset Toppol, Bjørg Vartdal Hareide, Inga Gjelsvik Barstad, Ulrike Hartig-Tangedal.
Medhjelparar	Marit Øien Sæverud, Turid Engen, Hanna E. Langnes Moldskred.
Kyrkjevertar	Toril Sæter, Reidun Melhus, Hege Tretnes, Wenche Roppen, Gunmar Grimstad, Stein Karstensen, Marit Nora Pettersen, Ann Helen Grimstad Worren, Anvor Sukka, Bård Grimstad, Laila Kristin Bjåstad.
Ansvar for lyd- og bilde	Arne Kåre Toppol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Trond Gustavsen, Kristoffer Indreeide Grimstad
Blomar til gudstenestane	Judith Pilskog og Trine Angelsen

I tillegg er det mange andre som også gjer ein innsats i og for kyrkjelyden vår.
Soknerådet ynskjer å rette ei stor takk til alle!

Hareid 15.01.2021
Ann Helen Grimstad Worren
-Soknerådsleiar-



VISITAS: På starten av året kom biskop Ingeborg Midttømme på besøk. Ho fekk vere med på mange av aktivitetane som skjer i kyrkjelyden.

Øverst: Biskopen i dialog med VI-koret (5-8 år), som leiast av frivillige, Vibeke Holstad (dirigent) og Hallvard Grimstad (styreleiar).

Midten: Temakveld der biskopen blei intervjuet av Erlend Friestad frå Hareid kyrkjeakademiet.

Til høgre: Biskopen, i høve visitasgudsstenesta i Hareid kyrkje.



SOKNERÅDET SINE UNDERUTVAL 2020

Arbeidsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, Marit Øien Sæverud, sokneprest, kyrkjeverja (sekretær).

Administrasjonsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, 2 repr. frå dei tilsette er Bjarte Sunde og Heidi Pedersen Kvalsik, kyrkjeverja (sekretær).

Forhandlingsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, kyrkjeverja (sekretær).

Diakoniutval (m/kontakt i Kirkens SOS)

Hanna Elisabet Langnes Moldskred (leiar), Hilde Frøysa Hareide, Kirsten H Valseth, Leidulv Ø.Grimstad, sokneprest, leiar i frivilligsentralen.

Kontaktperson i Kirkens SOS: Marit Øien Sæverud, med vara Laila Kristin Bjåstad.

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar, Georg Fabian Stordal, Kristoffer Indreeide Grimstad (leiar), Stein Karstensen, Torgeir Ringstad, Jostein Nedreliid, kyrkjeverja.

Gudstenesteutval:

Turid Engen, Elin Vassbotn Øvreliid, Kjersti Røyset Topphol (leiar), sokneprest, kyrkjelydsped, kantor.

Misjonsutval:

Jahn Kjell Fjørtoft (leiar), Jorunn Vatne, Svanhild Giskødegård, Odd Lykstad, Eli Sølvi Jøns-son.

Kyrkjemusikalsk utval:

Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Bård Grimstad (leiar), Wenche Iren Roppen, kantor.

Undervisningsutval:

Linn Urke, Laila Kristin Bjåstad, Marit Øien Sæverud (leiar), kyrkjelydspedagog.

Styret for Frivilligsentralen:

Frå Soknet:

Sissel Seljebotn (Vara: Grete Røyset Bakken), Bjørg Vartdal Hareide (Vara: Ragnhild Strømmegjerde), Øyvind Grimstad Gryt (Vara: Odd Melhus)

Frå Brukt og Billig butikken:

Elsa Bigset (Vara: Ingebjørg Klungsøyr)

Frå frivillige lag og organisasjonar,

i år representert av Ulstein og Hareid Lions: Bjarne Sukka (Vara: Kjartan Kvalsik)

KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK 2020

	2017	2018	2019	2020
Medlemmar i Dnk	3976	3949	3925	3865
Innmelde i Dnk	7	1	5	0
Utmelde i Dnk	8	9	9	7
Døypte som bur i Hareid kommune	43	37	45	32
Antal konfirmerte/medlemmar	34/37	56/58	52/54	37/42
Gudstenestebesøk totalt/snitt	9891/157	9314/157	8272/137	4461/67
Antal gudstenester (søn & hellig + kvardag)	66	59	67	90
Nattverdsdeltakande totalt	2386	2135	2401	1088
Gudstenester med nattverd	36	38	38	31
Gudstenester i påska/besøkande i snitt	4/091	4/083	4/078	2/016
Antal vigslar	5	9	5	10
Antal gravferder	47	48	55	37
Kyrkjeoffer, beløp totalt	258 852	263 044	271 339	169 408

PS: Pandemien som kom mars 2020, prega store delar av året og statistikken 2020

Gudstenesteoversikt 2020

Gudstenester søn- og helligdagar:	67
Gudstenester utanom søn- og helligdagar:	23
Tilsaman:	90

-Herav strømma gudstenester, korontatiltak:	23
-Herav eigne dåpsgudstenester, der berre dåpsfamiliane kunne ta del:	21

Digitale aktivitetar i koronaåret 2020

Historia om kva Den norske kyrkja gjorde i 2020 skil seg tydeleg frå tidlegare år. Pandemien stilte krav til rask omstilling, og aktivitetar på nye måtar. Kirkerådet ba alle sokn om å kartlegge og dokumentere innsatsen som blei gjort i lys av Covid-19-pandemien. Kartlegginga skulle innehalde digitale aktivitetar, som kjem i tillegg til den ordinære årsstatistikken til SSB.

I all hovudsak har våre digitale aktivitetar vore gudstenester, kortare musikalske innslag, digital babysong, syng og spel jula inn (opptak), julevandring kyrkjegarden m/Luciatog & samtale sokneprest, og andre ulike innslag. Desse aktivitetane blei i all hovudsak sendt på Hareid kyrkje si Facebook-side. Antal følgjarar på Hareid sokn si Facebook-side auka med 259 personar i 2020, som per 31.12.2020 viser 1868 følgjarar. Vi er også aktiv på Instagram og på vår heimeside.

Vi har hatt om lag 72 digitale aktivitetar og arrangement i 2020, under kategoriane gudstenester, trusopplæring, musikkinnslag og anna. Tilsaman på desse har vi hatt 51.220 sjåarar (ikkje unike).



VIKTIG TRADISJON: Dåp står sterkt i Hareid, og dei aller fleste som er medlemmar i kyrkja døyper barna sine.

GUDSTENESTELIVET

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudtenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.

2020 har vore eit år som i stor grad har vorte prega av pandemien, Covid19. I kyrkja har det påverka dei fleste område av arbeidet, og gitt mange uventa utfordringar. Hovudsaka til gudstenesteutvalet er å arbeide med gudstenestene. Dette året har vi opplevd at det ikkje har vore lov å samlast til gudsteneste, og at vi har hatt gudstenester med avgrensingar på frammøte. Likevel har det vore gudstenester i/frå Hareid kyrkje nesten kvar søndag. Mange av desse har vore streama på facebook, og vi veit at dei har blitt sett og sett pris på av mange. Gudstenesteutvalet vil rette ei stor takk til soknepresten og resten av staben, som har lagt ned eit stort arbeid for å få dette til. Takk også til alle som har stilt opp frivillig og delteke i gudstenestene. Vi har mange gode song- og musikk-krefter i Hareid som vi i kyrkja har stor glede av.

Gudstenesteoversikt 2020

Gudstenester sön- og helligdagar:	67
Gudstenester utanom sön- og helligdagar:	23
Tilsaman:	90

Nattverd har utgått store delar av året, grunna pandemien og restriksjonar.

Gudstenesteutvalet har hatt tradisjon for å stå bak samlingar i kyrkja onsdagane i fastetida. Såleis også i år. Fasteprogrammet var slik:

26.02.	kl. 20.00	Oskeonsdagsgudsteneste i visitas-veka. Grimstadkoret tok del.
04.03.	kl. 19.30	Tekstar i fastetida
11.03.	kl. 19.30	Temakveld Kjell Einar Ljones: M B Landstad
18.03.	kl. 19.30	Salmekveld i fastetida Musikklaget Melshorn, forsongargruppe
25.03.	kl. 19.30	Solidaritetsgudsteneste, konfirmantar tek del
01.04.	kl. 19.30	Påskevandring for vaksne

Dei tre første samlingane var gjennomført før landet stengde ned 12. mars. Dei tre siste måtte avlystast.

Den største oppgåva for gudstenesteutvalet dette året har vore arbeidet med ny liturgi. For få år sidan var det vedteke ny liturgi, der kyrkjelydane hadde stor fridom i val og utforming av dei liturgiske ledda. I Hareid var det gjort eit godt arbeid, og vi har hatt tekstar og melodiar som mange har blitt glad i. Det vart so vedteke av kyrkjemøtet at forskjellane i gudstenestene i dei ulike kyrkjelydane var blitt for store, og at det måtte strammast inn. Vi fekk difor tre ulike alternativ å velje mellom. Mange av våre gudstenesteledd var ikkje mellom desse. Gudstenesteutvalet har handsama dette på fleire møte. 22. september vart det arrangert ei opa samling i kyrkja der dei frammøtte fekk høre dei ulike melodiane, og svare på spørjeskjema kva dei likte best. Søndag 4. oktober vart det halde ei gudsteneste med den liturgien som flest hadde valt på samlinga 22. september. Etter gudstenesta var det soknemøte, der kyrkjelyden fekk uttale seg. Utvalet har også gått gjennom dei ulike alternativa til tekster og bøner i liturgien, og drøfta ordningar for nattverd. Etter at utvalet sitt arbeid var ferdig, vart innstillinga sendt til soknerådet som gjorde endeleg vedtak. Utvalet har hatt 5 møter i 2020.

Kjersti Røyset Toppol
-Leiar i gudstenesteutvalet-



LYSMESSE: Den tradisjonelle lymessa for konfirmantane blei gjennomført også i år, der vi køyre 3 lysmesser tilpassa restriksjonane. Ei fin og verdig markering for dei komande konfirmantane.



BISPEVISITAS FEBRUAR/MARS 2020: Kyrkja sitt viktige arbeid i lokalsamfunnet, krev samhandling og gode relasjoner både internt i DnK og til frivillige, lag og organisasjonar, politikarar og kommuneadministrasjonen.

DIAKONIARBEIDET

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. Det dreier seg om nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Planen for dikakoni i Hareid er delt i fire hovudpunkt; Nestekjærleik, Inkluderande fellesskap, Vern om skaparverket og Kamp for rettferd.

Diakoniutvalet er ansvarlege/delansvarlege for desse oppgåvene:

- Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta
- Middag etter Hausttakkefest-gudstenesta (står ikke i diakoniplanen)
- Minnegudsteneste laurdagen før Helgemessesøndag
- Universelt utforma gudsteneste
- Kirkens SOS

Soknepresten, som er med i diakoniutvalet, er i kommunen sin krisestab. Diakoniutvalet kan vere tilgjengelege i ulike krisesituasjonar i kommunen.

2020 har vore eit spesielt år som følgje av koronapandemien. Av omsyn til smittevern og restriksjonar har diakoniutvalet hatt mindre aktivitet. Det nye diakoniutvalet har hatt to møte på kyrkjekontoret, i februar og september. Elles har vi hatt litt kontakt via e-post. Hanna L. Moldskred har kalla inn til møta.

Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta

Avlyst i år på grunn av koronapandemien.

Middag etter hausttakkefest-gudstenesta

Siste åra har dette vore eit samarbeid med Tamilsk kulturforening som har laga og servert maten og fått inntektene av det. *Avlyst på grunn av koronapandemien.*



Inkluderande fellesskap i denne fine gjengen til Hareid Ten Sing, dirigent Thyri Øvreliid, vaksenleiar Ann Kristin Snipsøyri. Bildet er frå bispevisitasen, der biskop både fekk høyre dei synge og snakke med dei.

Minnegudstenesta

Gudstenesta er open for alle, men pårørende til dei som har gått bort siste året, vert særskilt inviterte. Soknepresten og diakoniutvalet har felles ansvar for gudstenesta. Intensjonen er at denne gudstenesta skal ha ei lavterskelform der alle kan kome som dei er. Det er viktig å bli sett, men også kunne vere åleine. Det var godt oppmøte og mange tende lys framme i etterkant av gudstenesta. Det viser seg at dette er ei gudsteneste som er viktig å halde fram med. I år prøvde vi for første gong å ha enkel kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset etter gudstenesta. Der var lite oppmøte.

Universelt utforma gudstenesta

Også i 2020 vart «Fjørestoneane» sin julekonsert i Hareid kyrkje den universelt utforma gudstenesta. Det er viktig å inkludere alle i bygda med særskilte behov. Diakoniutvalet var ikkje involvert i planlegging av konserten dette året.

Kirkens SOS

Kirkens SOS kom inn i Diakoniplanen førre soknerådsperiode. Diakoniutvalet har grunna redusert aktivitet ikkje hatt dette som tema i 2020, men koronasituasjonen har bekrefta at dette er ei teneste det er stort behov for og som vi ynskjer å støtte vidare.

Koronasituasjonen og det diakonale arbeidet

Diakoniutvalet ser at koronasituasjonen og restriksjonane har vore vanskeleg for mange. Spesielt dei eldre som bur heime eller på institusjon har hatt begrensa kontakt og tilbod ei lang periode. Det har ikkje vore besöksteneste eller arrangement. Andre grupper som truleg har hatt utfordringar er unge som strevar med rus og psykisk uhelse.

Frivilligcentralen og dagleg leiar, er heilt sentral i det diakonale arbeidet i soknet. Meir om diakoniarbeidet er å lese i Frivilligcentralen si årsmelding.

Framover

Diakoniplanen skal reviderast og blir eit viktig arbeid i 2021. Endring og nytenking er viktig.

Hanna Elisabeth Langnes Moldskred

-Leiar i diakoniutvalet-



Det er blitt ein tradisjon at Fjørestoneane held julekonsert i Hareid kyrkje. Dette er ein populær konsert, i år med 50 gjestar som var maksgrensa i høve restriksjonane. Foto: Karrar AL-Azzawi.

KYRKJA OG KYRKJEGARDEN



FOLKEKYRKJA VÅR:

Vi er ei kyrkje for folket, vi er ein del av lokalsamfunnet i Hareid kommune og ein viktig aktør i å gjere kommunen vår til ein god stad å bu og vekse opp i. Vi er veldig glade og takksame for alt som har vorte restaurert i kyrkja dei to siste åra.

Dette har gjort kyrkja meir brukarvennleg både for kyrkjelyden og for dei tilsette.

Hareid kyrkje er ei kyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for menneskjer i alle livsfaser. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendig vedlikehald og tilpasningar til dagens aktiviteter i kyrkja. Hareid kyrkje er ei listeført kyrkje frå 1877 og difor ikkje vore tilpassa mange av dei krava ein i vår tid set til offentlege bygg. Kyrkja er verneverdig og difor må renoveringsarbeid gå via riksantikvar og tilslutt godkjennast av biskop.

KYRKJA

Teknisk anlegg

I løpet av året har det blitt gjort ei oppgradering på det tekniske anlegget i kyrkja. Det er gjort innkjøp av eit fastmontert kamera og utstyr for videooverføring til både Hadartun og Facebook/nett. Det er inngått avtale med Tussa om overføring til Hadartun, så frå desember fekk bebuarane sjå gudstenestene på alle TV-ar på Hadartun igjen (eigen kyrkjekanal). Denne tenesta har vore ute i om lag 1,5 år grunna teknisk løysing ikkje var klar tidlegare på Hadartun. Vi er takksam for at vi igjen kan gi dette tilbodet til bebuarane på Hadartun.

Det har kome fiber til kyrkja. Dermed har vi tilgang på Wi-Fi, både eit gjestenett og eit tilsettnett. Gjestenettet kjem med eingongskoder som kan brukast dersom eit arrangement treng dette. Vi har også fått overføring av Wi-Fi til kyrkjelydshuset. Dermed har vi tilgang til internett der og. I tillegg har vi fått oppgradert arbeidsstasjonen for lyd/bilde styring. Denne er no i same stil og farge som resten av kyrkja. Arbeidet er blitt utført av Harry Røyset.

Sprinkleranlegg

Sprinkleranlegget i kyrkja har fått seg ei oppgradering. Svein Roppen har tatt ein fullstendig sjekk på anlegget og renovert det eksisterande anlegget i kyrkjeromet, medan i våpenhuset er det blitt montert heilt nytt. Under montering kom det fram at det eksisterande brannalarmanlegget ikkje var kompatibelt med det nye sprinkleranlegget, dermed er det nødvendig å oppgradere dette også. Dette rakk vi dessverre ikkje å få til i 2020, men er venta ferdig tidleg 2021

Lys

Då fleire av lysa i kyrkjerommet ikkje virka, tok HG Elektro saka i sommar. Dei fekk ordna alle lysekrunene i kyrkja og oppgradert desse med led-pærer. Det er og blitt bytta spottar til altertavla, i koret og i korbenkane. Alt av lys i kyrkja er no dimbart.

Diverse

Solskjerming i vindauge mot sør er blitt bytta ut. Den eksisterandes solskjerminga var øydelagd, og i løpet av hausten blei dette bytta ut til nye (elektriske). I inngangspartiet har ein smed, via Harry Røyset, fått smidd jernkrokar til å halde dørene opne. Spesielt ved gravferder og vigsel var det behov for dette. Vi har og fått fiksa ein del knuste/sprekte glas rundt omkring i kyrkja.

Ved installering av nettverksoverføring til kyrkjelydshuset, blei det oppdaga ei lekkasje i kyrkjetårnet. Dette vil forhåpentlegvis bli utbedra på vårparten 2021.

KYRKJEGARDEN

Vår-dugnad

Den årlege vår-dugnaden på kyrkjegarden, blei i 2020 avholdt den 25 april. Vi var rundt 25 stykk som var til stades, og med tanke på korleis vårtihøva var så var dette eit bra oppmøte. Det blei rydda mykje rusk og dei store hekkane mot gangvegen blei kutta kraftig ned. Blomsterbeda på nye delen fekk seg ei god luking, noko som trengtest. Dette er eit viktig arbeid for at kyrkjegarden og området rundt kyrkja skal sjå fin ut til konfirmasjonshelga og 17. mai - takk til alle som var med!

Tilbygg redskapshus

Tilbygget på redskapshuset er no ferdigstilt. Området rundt tilbygget har blitt fiksa og det er laga eit nytt blomsterbed langs veggen mot dei nærmaste gravene.

Diverse

Det er blitt fylt på med grus på dei forskjellige vegane og diverse vedlikehaldsarbeid er blitt gjort både på kyrkja og kyrkjegarden.

Kristoffer Indreeide Grimstad
-Leiar i kyrkje- og kyrkjegardsutvalet-



VÅR-DUGNAD KYRKJEGARDEN:


Kvar vår stiller frivillige opp med eit viktig arbeid for at kyrkjegarden og området rundt kyrkja skal sjå fin ut til konfirmasjonshelga og 17. mai. Sosialt og ein bidreg til fellesskapet.

16



KREV TEKNISK KOMPETANSE:

I 2020 fekk vi nytt teknisk anlegg for overføringar frå kyrkja, og ny integrert stasjon i same stil som kyrkja elles. Det er nokre faste frivillige som betener den viktige oppgåva med anlegget ved gudstenester og overføringar.




NYE STOLAR: 30 nye stolar framme i kyrkja gir meir fleksibilitet for dei ulike aktivitetane i kyrkja. Same stolar som i Nordstrand kyrkje.



GRAVING: Rørlegging frå redskaps-hus til kyrkja, i høve det nye varme-systemet, samt fiber til kyrkja.



NYTT TOALETT: Endeleg fekk vi nytt toalett i kyrkja, universelt utforma.



NYTT GOLV: Renoveringa av kyrkja blei iverksatt sommaren 2019 og har pågått også i heile 2020. Framleis gjenstår det enno litt. Bilda over ser vi før og etter nytt golv i kyrkjerommet.

MISJON & MISJONSPROSJEKTET

«Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod».

Sitatet ovanfor er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016 – 2019.

Misjonsutvalet vil gjennom sitt arbeid hjelpe kyrkjelyden til å nå dette målet.

Hareid kyrkjelyd har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt, og med å samle inn pengar til misjonsprosjektet.



MISJONSPROSJEKTET: Frå prosjektet kyrkjelyden støttar i Thailand. Barn på dagheimen "Lousangshjemmet". Foto: NMS

Misjonsdag

I juni skulle det, som vanleg, arrangerast misjonsdag på Holesanden. Dette måtte diverre avlysast grunna koronasituasjonen i Noreg. I staden vart det satt i gong nettbasert loddssal. Det vart arrangert ein alternativ misjonssundag på kyrkjelydshuset etter gudstjenesta den 14. juni, som blei avslutta med årsmøte for Hareid sokn (som var utsatt frå mars). Det vart solgt matpakkar og kaffi. Trekninga vart streama. Sal av lodd og mat utgjorde kr. 15.776.

Middag og misjon

Sundag 15. november skulle det arrangerast Middag og Misjon på kyrkjelydshuset. Denne vart avlyst, då smittefara auka monaleg i landet att. Det vart ikkje løyve med at fleire enn 50 personar samlast. Misjonsutvalet vart difor oppmoda av soknerådet å bistå under gudstjenesta med lesing og informasjon om prosjektet. Laurdag 14. nov. hadde difor 10-åringane si samling i kyrkja. Dei selde gevinstar til foreldra sidan basaren sundag, vart avlyst. Dei fekk inn kr. 5.364.

Overskot for 14.06. og 14.11. blei kr. 21.789.

Offergåver i år vart kr. 14.299. (26.04. kr. 1.900, 14.06. kr. 6.255 og 25.10. kr. 6.144)

Totalt blei det samla inn til misjonssprosjektet i Thailand kr. 63.860, som er sendt vidare til NMS. Faste gjevarar til misjonsprosjektet, er rekna med i denne summen.

Misjonsutvalet ynskjer å rette ei stor takk til alle som har bidratt med støtte til prosjektet. Både faste gjevarar og til alle dei som har tatt lodd eller gitt andre pengegåver. Ei takk også til frivillede som hjelper oss å få arrangementa i stand.

Misjonsutvalet hadde tre møter i 2020.

Jahn Kjell Fjørtoft
-Leiar i misjonsutvalet-

KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt bodskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneholder musicalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utleige av kyrkja til konsertar, som godkjennast av soknet. Ved konsertar og kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver.

Aktivitet:

Vi har hatt 8 møter i 2020. Grunna stadige endringar vedrørande reglar for arrangement under pandemien, har møteverksomheita vore større en vanleg. Ved kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver.



Hareid barnekantori:

er barnekoret som øver fast i kyrkja kvar onsdag ettermiddag. Eit 20-tals born frå 3. klasse og oppover frå dei ulike krinsane i kommunen er med. Saman med Sissel A Riise og Ida Teige (kantor) øver dei, opptrer, reiser på tur og har det kjekt ilag. Dei er på besøk på Hadartun to gongar i året. Då har dei mini-konsert/songstund både i Vinterhagen og på skjerma avdeling.

Bildet over: Koret song under julegrantenninga i Åsendalen, saman med ordføraren som heldt appell.

Salmekveldar:

Det var planlagt 4 salmekveldar i løpet av året, men i mars og i november vart desse avlyste kun dagar før, grunna restriksjonar på antal deltakrarar i kyrkja. Den som var planlagt i juni såg vi tidleg at vi måtte avlyse. I september var det litt meir normale tilstandar ei periode, og vi fekk arrangert salmekveld 20. september. «Kortreist salmekveld», med Grimstadkoret, Andreas Stamnes, Jens Terje Tennfjord, Øystein Orten. Trøysta får vere at vi har mange aktørar og opplegg klart til bruk når ting normaliserer seg igjen.

Syng- og spel jula inn:

Grunna restriksjonar vart det heller ikkje mogeleg å arrangere «Vi syng jula inn» som vanleg. Det vart planlagt for ulike mindre konsertar, men med kun 50 i kyrkja vart det og vanskeleg. Vi valte då heller ei digital løysing der vi gjorde opptak av nokre kor og korps sine julesongar i kyrkja den 10. desember, og la det ut på nett rett før jul. Det var svært mange som var inne å såg den sendininga, og det kom gode tilbakemeldigar frå folk i heile landet med tilknytning til Hareid. Opptak og sending er strengt regulert, og opptaka låg ute i ei begrensa tid, utifrå reglar om opphavsrettingheiter. Desse tok del: Vi-koret, Barnekantoriet, Melshorn og CorSonus. Stein Karstensen heldt andakt. Lill Marthe Apelset Solbakken gjorde opptak og redigering av sendinga.

Kor, korps og solistar i gudstenesta:

Kyrkjemusikalsk utval er svært takksame for alle dei som bidreg til gudstenestene våra med song og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Kantor Ida Teige set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Det gjer det enklare å gjennomføre med dei nye, og enda ukjende salmane våra. I år har det vore mange digitale sendingar av gudstenester, og dei musikalske innslaga har vore viktige der, og forsongarane har vore viktige då kyrkjelyden har vore liten, men lyden ut på nettet har vore god.

I perioden mars til mai, då landet og kyrkja var nedstengt, vart det laga mange digitale sendingar. Her vart det innspelt svært mykje god song og musikk frå lokale songarar og musikarar.

Vi er svært takksame for at så mange stilte opp, og desse sendingane viste oss noko av breidda vi har i kyrkjelyden.

Konsertar i regi av utvalet:

20. september: Salmekveld «Kortreist».

Mange arrangement har vore avlyst i år, så denne lista vart kort.

Kyrkjemusikalsk utval held fram med å jobbe for stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breidt mangfold. Kommunen er velsigna med talentfulle innbyggjarar som vi i utvalet med glede nyttar i våre gudtjenester og andre arrangement. Kyrkja er og eit populært lokale å ha konsertar i, og vi håper all aktivitet kan ta seg opp kraftig utover i 2021, etter året 2020, som ikkje baud på så mange høve til musikalske opplevingar der vi kunne samle mange i kyrkja.

Bård Grimstad

-Leiar i kyrkjemusikalsk utval-

RIKT KULTURLIV:

Den tradisjonelle julekonserten "Min favoritt" 21.12. kl 21, er populær og billettane går fort unna. I 2020 fekk vi ikkje samlast til full kyrkje, men med restriksjonar på maks 50 personar i kyrkja. Det blei difor køyrt to konsertar, klokka 18 og 21.



UNDERVISNING OG TRUSOPPLÆRING

Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet. Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har i mange år hatt oppslutning blant dei høgaste i landet. Vi ser svingingar år om anna, og det gledelege for dette året er at det gav vekst i dei tiltaka som har vore låge, og som vi gjorde særskilte endringar i.

Endringar

I 2020 endra vi eit par av tiltaka frå å vere i krins til å samle heile kullet til felles samling kveld eller helg. Dette auka oppmøte, særlig for 12 åringar (juniorkonfirmantar). Årsaka til endring var både lavare oppslutning og endring i bruk av stillingsressursar i staben.

Vi vart sjølv sagt også ramma av restriksjonane i samband med korona og 2 av årskulla fekk ikkje gjennomført sine tiltak dette året. (16 og 17 år) Andre tiltak vart gjennomført med strenge restriksjonar for smitte.

Dei andre tiltaka vart gjennomført, men kanskje på eit anna tidspunkt enn planen seier. Vi måtte utsette fleire tiltak på våren og gjennomførte mykje av dette i løpet av august/september. Dette gjaldt også konfirmasjonane. For første, og kanskje einaste gong, i historia, hadde vi konfirmasjon på hausten i Hareid.

20 tiltak på planen

For aldersgruppa 0-18 år har vi 20 ulike tidsavgrensa tiltak på planen. I tillegg til dette kjem det kontinuerlege arbeidet som babysong og småbarnssong. Målet for arbeidet er å tilby noko for breidda, altso alle, enten dei er døypte eller ikkje. Men vi har høve til å invitere personleg berre dei som er medlemar/døypte inn i vår kyrkje. Dersom dåpstala fortset å gå nedover vil dette krevje endra fokus også for vårt arbeid.

Dersom vi ser på oppslutninga av gjennomførte tiltak i 2020 så er talet framleis høgt. I snitt 53% på 20 gjennomførte tiltak. Dette er 1 % under snittet for 5 års periode (2015-2020).

Nytt av året

Vi har aldri før gjennomført samling i samband med Luciadagen før dette året. Det kom som ein impulstanke, mest grunna avlysing av «Syng og spel jula inn» og at Luciadagen kom på ein søndag. Det vart ei flott samling ute på kyrkje-garden med bålpanne, faklar, lussekattar/kaffi og Luciatog. Borna som møtte fram fekk kappar/lys og gjekk, saman med nokre vaksne, frå våpenhuset til prestestova der soknepresten og kyrkje-lydpedagogen hadde ein samtale kring Luciatradisjon og julefeiring. Før dette var det lagt opp til «sporløp» med 5 ulike postar kringom på kyrkjegården.



LUCIATOG PÅ KYRKJEBAKKEN: Mange tok del på arrangementet i samband med Luciadagen 13. desember.

Marit Øien Sæverud
-Leiar i undervisningsutvalet-

STATISTIKK FOR TRUSOPPLÆRINGSARBEIDET

Alder	Tiltak i trusopplæringa	Deltakarar prosent
0	Dåpssamtale-Saman på vegen	105
1	Den fyrste song	39
2	Eg faldar mine hender små	39
3	Kjære Gud, eg har det godt	35
4	Heime i kyrkja	68
5	5 åringen i verda	36
6	Eg høyrer Jesus til.	54
7	Kong David og vi	51
8	Guds gåver - vår glede og vårt ansvar.	48
8	Tårnagent	62
9	Perler i kransen - leirliv er topp!	50
10	Gud kjem til oss i Bibelens forteljingar - 10 år vår	65
10	Misjon - Guds gåver, omsorg og nærvær for alle	49
11	I Guds omsorg	43
11	Kode B - born av Guds regnboge	27
12	Juniorkonfirmant	76
13	Gled dykk, alltid!	61
15	Eg, Guds medarbeidar -Konfirmantundervisning	90
15	Konfirmert- kva so??	32
16	Når eg så skal ut i verda, 16 år- kva no?	0 (avlyst)
17	På eiga hand - men aldri åleine.	0 (avlyst)
18	Min draum-mitt liv. 18 år	37
	Totalsum	53 i snitt



TRUSOPPLÆRINGA: Barna som er med i trusopplæringa deltek også aktivt i gudstenestene.

FRIVILLIGSENTRALEN

Mål/intensjonen med Frivilligsentralen

Sentralen skal bidra til å skape møteplasser og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet.

Frivillige og samhandling

Også i år har det blitt arbeidet med å skape gode møteplasser, men på grunn av covid 19, har det blitt satt store begrensinger på hvor mye vi har kunne treffes- og det sosiale aspektet har selvsagt lidd under dette. Det er viktig å legge til rette for de personene som tar eget initiativ til en frivillig aktivitet, skal få drive med det, men i år har covid satt begrensinger på dette også. For sentralen er det viktig å kunne samarbeide med ulike lag/organisasjoner, skole, institusjoner etc. Dette for å kunne bidra til best mulig aktivitet og legge til rette for ulike møteplasser. Med dette kan vi forebygge ensomhet og sykdom.

Nytt areal på kyrkjelydshuset

Store deler av dette året har de fleste aktiviteter blitt satt på vent- da spesielt det frivillige arbeidet som er knyttet til de eldre og til sjukeheimen, og de aktiviteter som foregår der. Vi har likevel nyt tetiden til noe fornuftig. Når alt stengte ned i mars, hadde vi nettopp overtatt peisestua på Kyrkjelydshuset og den stod foran en betydelig oppgradering. Med midler fra overskuddet på Brukt & Billig butikken vår, har vi kunnet legge varme i golvet, legge nytt golv i alle rom, male vegger og møbler, installere nytt kjøkken og innkjøp nye sofaer. Det gamle speiderrommet er oppusset fra golv til tak. Soknet dekket kostnadene med utskifting av 3 vinduer, ny ytterdør, installasjon kjøkken og belysning i tak. Frivillige har lagt ned betydelig timer og innsats, for å få dette på plass. Lokalet framstår nå både innbydende og meir funksjonelt og er tilgjengelig for gratis utlån og bruk for frivillige lag og organisasjoner.

I tillegg til faste aktiviteter har daglig leder på Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å tallfeste eller telle dette. Daglig leder har også vært en del av samtaletilbudet soknet og kommunen har gitt innbyggerne under pandemien.

Tilskuddet til Frivilligsentralen

Tilskuddet til Frivilligsentralen har også i år gått inn det ordinære rammetilskuddet til kommunen og overføres til den som driver sentralen (her Hareid Sokn) Det har ikke vært automatikk i dette, og en må hvert år måtte arbeide aktivt for å få det med inn i kommunens budsjett.

Fra 2021, vil tilskuddet fra staten komme til kommunene som øremerkede midler, og skal overføres i sin helhet til sentralene. Dette har sikret sentralen sin framtid.

Antall frivillige som er knyttet til sentralen ligger på ca 100 personer- men som en vil se ut fra årsmeldingen, har ikke alle fått være så aktive som en har ønsket. Vi holder kontakten med alle, og håper på bedre tider.

Styret i Frivilligsentralen

Sissel Seljebotn har vært styreleder. Daglig leder har vært sekretær for styret.

Det har vært 2 styremøter, og det har blitt behandlet 2 saker. I tillegg har det blitt tatt noen avgjørelser på mail eller gruppe for styremedlemmer - når vi har vært avskåret for å møtes.

Siden vi ikke har arrangert frivilligfest i år, har det ikke vært så mye praktisk for styret å ta del i.

Oppgaver:

- o Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- o Sette opp/ følge opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- o Organisering og drift av Bruktbutikken.
- o Hobbyklubb på sentralen to ganger i uken.
- o Medarbeidermøter for Brukt og Billigbutikken.
- o Organisere Natteravnene Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- o Oppdragsgiver for Friomsorgen- kriminalomsorgen i Ålesund.
- o Oppdragsgiver for NAV
- o Arrangement arbeid ifht «Den kulturelle spaserstokk» Kommunen søker på midlene og vi bruker/arrangerer konserter etc.
- o Daglig leder i sentralen er fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sokn. Delta på de arrangement som Diakoniutvalget står for.
- o Tett samarbeid med Hareid Kommune/ kultur, Biblioteket, Ressurssenteret, og Dagsenteret på Hadartun.
- o Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral og Brukt og Billig butikken
- o Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler. 3 møter i 2020.
- o Arrangere frivilligmøte annen hvert år.
- o Delta på aktuelle kurs.
- o Samarbeid med kommunen, Sjukeheimen, Rus og psykiatri, folkehelsekoordinator og pårørendegrupper.
- o Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitetsforening, Pensjonistlaget, AA forening, Hareid Idrettslag, Lions, Eldrerådet, Seniordans, Solringen/svaksyntgruppa, Revmatikerlaget og Søre Sunnmøre tamilske kulturforening mfl.
- o Være en del av samtaletilbudet Soknet og kommunen har gitt til innbyggerne dette året.



BESØK AV BISKOPEN: Under bispevisitas vart det besøk av biskop Ingeborg Midttømme, som ville snakke med dei som har det så kjekt på Hobbyklubben.

Aktiviteter

Aktivitetane er bygde opp etter fleire års erfaring. Her kan nemnast: Hobbyklubb to gongar i veka, karakveldar, besøksteneste på Hadartun, varesal på Hadartun, drift av Brukt & Billig-butikken, bibliotekdagar, åremålsbesøk, natteramn, høyrselshjelp, dialog med FAU v/ungdomsskulen, seniornett, innsamling av leike, klede etc. til asylsøkjurar og flyktningar, årleg utdeling av frivilligpris, konsertar/førestillingar på Hadartun omsorgssenter, laurdagskafé med Ulstein og Hareid Lions, «frokost for alle» mat og kultur, leksesamling på biblioteket, arbeidsutprøving, og gratis utlån av møtelokale til frivillige lag og organisasjonar. Aktivitetene står ved lag, men grunnet covid 19 har de aller fleste hatt begrenset mulighet i 2020. Noen er også helt avlyst. Nytt av året er utdeling av matkasser til de som trenger det og etablering av egen karagruppe på sentralen.

I tillegg til faste aktivitetar er Frivilligsentralen eit «ope» kontor. I løpet av året er det svært mange samtalar, spørsmål og praktisk hjelp som vert gitt, utan at det er mulig å talfeste eller telje dette.



MØTEPLESS: På kyrkjelydshuset har det vore laurdagskafé med sal av vafler, is, saft og kaffi, og tombola i gapahuken utanfor. Samla eindel bygdafolk i fineveret. Brandalskoret var rundt og song i sentrum om kom innom kafeen og song.

Vedlegg 1

Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet

	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Tall i 1 kroner				
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Tilskudd og gaver fra andre	-399 873	-27 000	-27 000	-76 053
Ordinært rammetilskudd	-3 980 927	-4 263 500	-4 263 500	-4 364 927
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-212 000	-212 000	-212 000	-212 000
Tilskot og gaver fra andre	0	0	0	0
Offer innsamla til eiga virke	-139 131	-104 000	-104 000	-267 414
Andre generelle statstilskudd	-693 164	-640 500	-640 500	-685 203
Sum frie disponible inntekter	-5 425 094	-5 247 000	-5 247 000	-5 605 597
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-2 077	-1 500	-1 500	-3 892
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	6 385	3 000	3 000	2 765
Tap finsansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	25 000	57 000	57 000	25 000
Netto finansinntekter/-utgifter	29 308	58 500	58 500	23 873
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0	194 663
Til ubundne avsetninger	240 140	240 140	240 140	0
Til bundne avsetninger	125 245	0	0	263 717
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-458 954	-458 954	-458 954	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	-213 315
Bruk av bundne avsetninger	-70 880	-213 728	-213 728	-117 917
Netto avsetninger	-164 449	-432 542	-432 542	127 149
FORDELING				
Overført til investeringsregnskapet	216 779	218 814	218 814	18 652
Til fordeling drift	-5 343 456	-5 402 228	-5 402 228	-5 435 923
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	4 980 771	5 402 228	5 402 228	4 976 969
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	-362 685	0	0	-458 954

Forklaring til mindreforbruket 2020:

I heile landet har pensjonsinnskot/KLP vore lågare i 2020 enn forventa (kr 250.000)

KLP påverkar også arb.g.avg. (kr 58.000)

Lågare straumkonstnad kyrkja, nytt varmesystem (kr 54.000)

Høgare momskompensasjon enn budsjettet (33 000)

Rekneskap per 05.10.2021

KYRKJELYDSHUSET

Draumen om å fylle huset med liv, leik og latter er fortsatt levande. Det var mange aktivitetar som fann sin plass i huset i løpet av året, med gode samlingsplassar for både store og små.

Tilbodet om kaffi, vafler og god prat på mandagane var til tider godt besøkt og kvar gong var det frivillige damer som stod på kjøkenet! Veldig kjekt og sosialt tilbod.

Onsdagane vart fast møteplass for fleire familier då vi hadde tilbod om enkel middag for ein billeg peng. Annankvar onsdag var det mange som gjekk rett på småbarnssong eller VI- kor etter middagen. Alt dette er også halde i gang av frivillige! Enten det var besteforeldre til dei som var på småbarnssong som stod på kjøkenet eller nokon som har lyst til å bidra til det viktige arbeidet med å halde liv i kyrkjelydshuset og arbeidet vi tilbyr. Stor takk til alle desse!

Pop up tombolane vi hadde med kaffi og vafler var også godt besøkt og gav kjærkomne inntekter til huset.

Annleis-året 2020

Soknet var komen godt i gong med aktivitetane på huset, då pandemien kom i mars 2020 og alt måtte stengast ned. I nedstengingstida blei ulikt renoveringsarbeid satt i gong. Hafest hadde nettopp laga ny scene i festsalen, gangar blei mala og ei større renovering av peisestova til aktivitetsrom for Frivilligsentralen blei utført. Noko blei utført av fagfolk, men det meste på dugnad av engasjerte frivillige.

Vi fekk ei gåve frå Sparebanken Møre (kr 100.00) som gikk til etterlengta nytt teknisk, mobilt lyd-anlegg i festsalen, solskjerming i festsalen og belysning i gang 1. etg. Ei anna gåve frå ein privatperson var 3 nye lenestolar i gangen 1. etg og et maleri av ein dåp i kyrkja (mala av Karen Turid Bjåstad).

Også utearealet blei ferdigstilt av kommunen, med ein gapahuk, bålpanne, grasplen, asfaltert gangveg og kunstinstallasjon. Alt universelt utforma. Dette utearealet gir rom for nye og fleire ulike aktivitetar.



TAKK FOR STØTTA!

Vil du gi ei gåve, eller kanskje bli fast gjevar til huset, kan du enten ringe kyrkjekontoret 70095130, sende epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no, eller opprette fast trekk i din nettbank. Bruk kontonr. 3910.61.74494, evt vipps 525936 Hareid kyrkjelydshus. Årleg gåve over kr 500 gir rett til skattefrådrag, då treng vi ditt fødselsnummer. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret dersom du har spørsmål.

KOMMUNIKASJON OG KONTAKT

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggjarane i Hareid kommune. Det er viktig å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, samt nå ut i ulike kanaler med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsnyttige arbeid. Dette krev meir av stab som skal utføre digitalt arbeid, samt kommunikativ og teknisk kompetanse.

Kyrkjjesida i lokalavisa:

Annakvar veke leverer Hareid sokn materiale til "Kyrkjjesida" i lokalavisa Vikebladet Vestposten, der ein når fram til dei fleste husstandane. Dette er ei samarbeid med avis og med Ulstein sokn som og leverer annankvar veke, ei verdifull ordning for å informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved behov.

Heimeside og sosiale media:

hareid.kyrkja.no (utan www). Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følgje med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast ut i brevsform eller per epost. Hareid sokn har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral). Vi er også på Instagram (Hareid kyrkje) for å nå endå fleire.



STABEN I HAREID SOKN: Staben utgjer 7 fast tilsette, 6,6 årsverk - herunder er også Hareid Frivilligsentral som soknet driv. Soknepresten har Møre bispedøme som arbeidsgjevar. Vikarer og ekstrahjelp kjem i tillegg.

VIPPS 525936
Kontonr. 3910.61.74494



- VIL DU BLI FAST GIVAR -
KYRKJELYDSHUSET

Hareid sokn
Rådhusplassen 6 (pb. 48)
6069 Hareid

Tlf. 700 95130
Epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no
Hjemmeside: hareid.kyrkja.no
Facebook og Instagram: Hareid kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn

Meir himmel på jorda